

Høyringsvar – Nei til nedlegging av Bøfjorden og Bæverfjord skule

Vi er foreldre til ei jente i 2. klasse ved Bøfjorden og Bæverfjord skule. I tillegg har vi ei dotter på tre år som vi håpar skal få gå på den same skulen når ho blir gammal nok.

For oss handlar dette om meir enn ein skuledebatt. Det er personleg. Eg har sjølv gått på denne skulen då den heitte Bæverfjord skule, og eg veit kva slags tryggleik og fellesskap den gir. Her kjenner lærarane elevane heilt frå barnehagen, og barna får vere seg sjølve. Det var slik då eg gjekk der, og det er slik framleis.

Vi flytta heim for at barna skulle få den same starten på livet

I 2020 tok vi valet om å flytte heim til Bæverfjord etter fleire år i Kristiansund. Vi ville gi barna våre den same gode oppveksten som eg sjølv fekk – i trygge omgjevnader med naturen tett på og eit sterkt nærmiljø rundt seg.

Det valet hadde vi ikkje tatt om det ikkje fanst både skule og barnehage her. Det var heilt avgjerande. Og vi veit at mange andre familiar tenkjer på same måte.

Grendaskulen er viktig for heile bygda

Skulen er meir enn ein stad der barna lærer å lese og rekne. Han er ein viktig del av bygda. Når skulen blir borte, blir det mindre liv og fellesskap, og det blir vanskelegare for folk å bu her. Nokon flyttar kanskje, og andre vel å ikkje flytte heim likevel.

Å leggje ned Bøfjorden og Bæverfjord skule er derfor ikkje berre eit spørsmål om økonomi. Det handlar om framtida til bygdene våre, og kva slags samfunn vi vil ha.

Barna treng ein trygg og nær skulekvardag

Å sende små barn på lange bussturar kvar dag er ikkje bra. For dottera vår i 2. klasse, og snart også veslesøster, vil det bety fleire timar i buss og venting, i staden for ein kort og trygg skuleveg. Det gir lange dagar, og det går utover både læring, trivsel og fritid.

SUBUS gjer ein god jobb, men har ikkje plass til fleire

Vi har stor respekt for arbeidet som blir gjort ved Surnadal barne- og ungdomsskule. Der jobbar det mange flinke folk, og skulen betyr mykje for mange.

Men det er allereie mykje press på både plass og kapasitet der. Å flytte over 120 nye elevar dit vil gå utover både dei som går der i dag, og dei som kjem dit. Det handlar ikkje om kvaliteten på skulen, men om at det rett og slett ikkje er plass til fleire.

Og kva signal sender det til dei som vurderer å flytte heim? Når det ikkje er plass til eigne ungar, kvifor skulle fleire ønske å komme?

Lytt til oss som bur her

Motstanden mot skulenedleggingane er tydeleg i heile kommunen. Vi håpar politikarane tek det på alvor. Vi har tillit til at de vil barna og bygdene det beste, men då må de også tørre å velje noko anna enn det som ser lettast ut på papiret.

Kutt heller andre stader – ikkje i barna si framtid

Finn andre løysingar. Sjå på drift, administrasjon, bygg og konsulentbruk. Men la barna få behalde skulane sine.

Vi veit at Surnadal kommune har ei vanskeleg økonomisk tid. Samtidig ser vi at staten dyttar meir ansvar over på kommunane utan å følgje opp med pengar. Då blir det feil at barna og bygdene skal betale rekninga.

I staden for å leggje ned grendaskular, burde kommunen stå samla og krevje betre rammevilkår frå staten. Skulen er ikkje ein utgiftspost – det er ei investering i framtida til både barna og bygdene.

Til slutt

Vi flytta heim fordi det fanst ein skule her. Ein skule eg har gode minner frå, og som vi ønskjer skal vere her også for neste generasjon. Det gjer vondt å tenkje på at barna våre kanskje ikkje får oppleve det same.

La barna få vekse opp med tryggleik, tilhøyrslø og nærleik. Og la bygda få leve vidare.

Med vennlig hilsen

Line og Sindre Bævre Sættem